

Bærum Mållag – årsmelding 2010

Styremedlemer i Bærum Mållag 2010:

John Sundsby (2010-2012) kasserar og nettansvarleg
Margit Løyland (2009-2011)
Inger Gjerpe (2009-2011)
Hilde Rognlien Johansen (2010-2012)
Idun Stokka (2010-2012)

Varafolk (valde for eitt år):

Per-Ivar Vaagland
Astrid Ramnefjell
Tone Rossow
Jostein Tjore

Valnemnd: Marit Hovdenak, Inger Vederhus og Øystein Tormodsgard. Alle for (2010-2011)

Revisor: Kari Bardølsgård(2010-2011)

Styret har hatt fire styremøte, arrangert årsmålsfest 7. mars, delteke aktivt under byfesten i Sandvika i august, og markert den europeiske språkdagen 26. september.

I samband med hundreårsjubileet i 2012 er styret utvida med Marit Hovdenak og Audgunn Oltedal, og ein representant frå Asker og Bærum Målungdom.

Medlemstal

Det har vore 55 betalande medlemer i laget i 2010

Generelt om arbeidet

Målet for arbeidet i Bærum Mållag er å halda ved like og styrkje stillinga til nynorsken i Bærum. Dette er ein del av eit allmennt langsiktig kulturarbeid som vektlegg språk og identitet. I samband med hundreårsjubileet i 2012 ønskjer vi å få fleire medlemer i Bærum. Vi trur at det i Bærum som er ein innflytjarkommune , bur mange potensielle medlemer av laget vårt.

Årsmøtet 2010

Vart halde i Bekkestua bibliotek 20. januar 2010 Etter årsmøteforhandlingane fekk vi eit interessant foredrag av leiaren i Noregs Mållag, Håvard B. Øvregård. Han orienterte om aktuelle saker i Mållaget, og kom med innspel til kva som bør vera viktig i språkarbeidet sentralt, lokalt, nasjonalt og i bokmålsland i tida framover.

Styremøte

6. januar 2010
8. april 2010
16. juni 2010
6. desember 2010

Åremålsfest

Vi feira åremålsfest på Artista Café på Kadettangen i Sandvika 7. mars. Det var servering og opplesing, og Arnhild Skre kåserte om biografien ho har skrive om Ragnhild Jølsen. Vi var omkring 20-25 personar på festen og Asker Mållag var også med.

Byfest

Laurdag 28. august deltok vi på byfesten i Sandvika for femte gong. Språkbua vår stod i gågata ned mot jernbanen. Vi hadde eit variert program: Håvard Øvregård heldt appell, Per Egil Hegge kåserte og Arne Torp hadde dialektsjekk. Ein representant frå Bærum Målungdom blei intervjuet. Vi selde språklappar og målskiver for 1880,- kr som er eit viktig tilskot til kassa. Kadettangen blei bærumsordet 2010.

Den europeiske språkdagen

Den 26. september markerte Bærum Mållag den europeiske språkdagen med eit arrangement på foajescenen i Bærum kulturhus. Elizabeth Middelthon frå PEN gjesta oss, den iranske eksilforfattaren Soudabeh Alishahi las frå eige forfattarskap, den danske språkprofessoren Jørn Lund heldt eit interessant foredrag, og lokalpolitikaren Reza Rezzae heldt innlegg. Tema for møtet var: Kva er språkleg fridom? Audgunn Oltedal leidde debatten. Kunstnerisk innslag var dans frå Hawaii. Markeringa vart til som eit resultat av eit godt samarbeid med Vikværingen, Språkrådet, PEN og ikkje minst Bærum kommune.

Nettsidene

John Sundsby har ansvaret for nettsidene våre på <http://www.nynorsk.no/ml/baerum/> Han oppdaterer dei med jamne mellomrom. Her vert det lagt ut opplysningar om arrangement og referat frå møte og liknande.

Økonomi Nye TAL

Laget har kr 6557,22 disponibelt pr. 1. januar 2011. Revidert rekneskap er lagt ved årsmeldinga. Lokal kontingent for 2010 var kr 100,- . Bærum Mållag er nå innmeldt i Frivillighetsregisteret i Brønnøysundregistra, og er dermed med i grasrotandelen. Organisasjonsnummeret finst på heimesida vår

Utsendingar

Hilde Rognlien Johansen var utsending til landsmøtet i Noregs Mållag som vart halde i Trøndelag i april.

Inger Gjerpe og Hilde Rognlien Johansen var utsendingar på årsmøtet i Fylkesmållaget Vikværingen i mars.